



## **NORSK SPANIEL KLUB**

### **avdeling Rogaland**

### **Årsmøte 2015**

**Sted: Kruse Smith Entreprenør,**

**Adresse: Kanalsletta 4, 4068 Stavanger**

**Tirsdag 17. februar 2015 - kl 1900.**

#### **KONSTITUERING:**

1. Valg av referent
2. Valg av tellekorps
3. Valg av 1 personer til å undertegne protokollen
4. Godkjenning av innkalling
5. Godkjenning av saksliste

#### **SAKSLISTE:**

1. Åpning av møtet
2. Årsberetning for 2014
3. Regnskap 2014
4. Budsjett 2015
5. Innkomne forslag
6. Valg

# Årsberetning NSK **avdeling** Rogaland 2014

## Styret har i 2014 bestått av:

Leiar Eva Bjelland  
Nestleiar Åse Helen Sliper  
Sekretær Ketil Simonsen  
Kasserer Lisbett Austrått  
Styremedlem Øyvind Møller Dagsland  
Varamedlem Hans Hodne  
Varamedlem Ida Anette Norheim

## Valkomite`:

Leiar Nina Waldeland.  
Valkomite`medlem Aina Sunde Dahl  
Valkomite`medlem Rita Solberg

## Revisor:

Karin Wiig

## Hjemmesiden redaktør:

Rita Solberg

## Representanter RS:

Eva Bjelland  
Ketil Simonsen  
Bente Duckett  
Vararepresentantar:  
Aina Sunde Dahl  
Hans Hodne

## Utstillingskomite`:

Nina Waldeland  
Torill Waldeland  
Oddvar Hausken  
Kristin Handeland

## Jaktutval:

Hans Hodne og Tor Magne Gramstad

## Representant i NSK sin jaktkomite`:

Tor Magne Gramstad

Det har i perioden blitt holdt seks styremøter.

Styret har hatt fokus på å arrangere spaniel aktivitetar for medlemmane, og rekrutering av nye medlemmar.

## Utstilling.

Avdelinga arrangerte utstilling den 14 september på Oгна skule. I år som tidligare, var det lagt til same helg som NKK sin utstilling i rogaland. Dommer for dagen var Børge Espeland, som gjorde ein god jobb med dei rundt femti hundane han fekk til bedømming. For anledninga hadde han med seg to dommeraspirantar og ein dommerelev, som samla erfaring og grunnlag for bedømming av spanielrasane. Gratulerer til Gerd Dale sin nydelege cocker spaniel, Skjervtuns' in your dream som vart beste rogalandshund på vår eigen utstilling i 2014.

Dommer: Børge Espeland

Aspirant på engelsk og welsh springer: Jan Hareid

Aspirant på cocker og amerikansk cocker: Sven Slettedal

Elev på field: Sven Slettedal

Ringsekretær: Jane Herigstad Hinna

Skriver: Åse Helen Sliper

Utstillingsleiar: Lisbett Austrått

Tusen takk til dommertrio, ringpersonell og utstillingskomite.

Som eit tilbod til nye og etablerte spanieleigarar, vart det gjennomført utstillingstrening på Trones skule, to søndager i førekant av avdelingas eigen utstilling i september. Ti ekvipasjar benytta seg av felles ringtrening.

### **Utstillingskomite 2014:**

Nina Waldeland, Torill Waldeland, Oddvar Hausken, og Kristin Handeland.

Utstillingskomiteen har gjennom fleire år teke ansvar for planlegging og gjennomføring av utstilling og utstillingstrening. Etter 2014 sesongen har dei valgt å avslutta sine verv, og styret takker komited medlemmane for arbeidet, engasjement og innsats.

## Jaktprøver og trening:

I slutten av april vart det starta jaktanleggsprøve treningar på Haugalandet. Ansvarleg var Ida Anette Norheim. Oppmøte på fem-seks ekvipasjer.

Vatnapporttreninger har blitt holdt ved Eikelivatnet av Hans Hodne. Det har vært ganske bra oppmøte på i alt sju treninger.

Jaktanleggsprøve avholdt 31. august, ved Eikelivatnet. Dommer var Anders Brunvoll. Fem av sju ekvipasjer besto.

Apportprøve vart og halde 31. august ved Eikelivatnet. Dommer var Anders Brunvoll, og to besto i BK, og ein av to besto i FK.

Bevegeleg apportprøve på Åsvoll 16. november. 4 hundar deltok, dommar Anders Brunvoll.

Bevegelege jaktprøvar på Åsvoll 14. – 16. november. Dommere var Arild Stenbråten og Tor Magne Gramstad. 8 startande på fredag, 15 på laurdagen, og 7 på søndagen. Nytt terreng gjorde det spennande, då ein ikkje visste kor mykje fugl ein kunne venta seg. Brukbart med rugde på fredagen, men bortimot tomt på laurdag og søndag muligens på grunn av sterk austavind.

Restart på bevegeleg jaktprøve på Voll 6. og 7. desember på rugde, fasan og bekkasin. 7 startande hundar og dei fleste kom i kontakt med fugl. Dommer Tor Magne Gramstad.

## Agility.

I 2014 har me vært på Sele 35 mandagar for agility trening. I gjennomsnitt har det vært 8 - 9 personar innom kvar mandag. 16. – 17. august arrangerte me føringskurs, kor fire ekvipasjar deltok. Instruktør her var Isabelle Simonsen. Laurdag 30. august arrangerte me eit nybyrjarkurs, kor fire ekvipasjar deltok, og instruktør var Lisbett Austrått.

I 2014 kjøpte me inn to nye hinder, ein tunnel, og ei pølse.

Me har og dette året hatt fleire uoffisielle konkuransar/klubbmeisterskap agility. 12 løp har me fått til i løpet av året. Takk til Isabelle Simonsen (Frå SBK), Else Marie Fossum (Frå SBK), Ketil Simonsen, Rita Solberg og Lisbett Austrått som velvillig har stilt opp som dommere. Det har blitt gitt poeng i kvart løp, og den med mest poeng samanlagt, vert kåra til årets klubbmeister. Kven dette vart for året 2014, skal offenteleggjerast på årsmøtet.

Mandag 24. november var siste agilitytrening, før me tok ein velfortjent juleferie. Tusen takk til Ingjerd Osmundsen, som laga til ei kjekk juleavslutning. Me kosa oss med agilitytrening, grøt, saft, kaffe og pepperkaker. Nissen var og på besøk, og alle fekk med seg kvar sin pakke. Luftområdet me disponerer vart pynta med lys i treet og lysfaklar. Mandagstreffa på sele fortsett og i 2015.

## Lydigheit

Nybyrjarkurs i lydigheit starta tidleg i april. Ti deltakarar, og ikkje plass til alle som ville vera med. Kurset gjekk over åtte kveldar på Austrått skule. Fornøgd instruktør var Ketil Simonsen.

Det har og vært felles lydigheitstreningar i løpet av hausten. Oppmøtet har variert.

## Klyppekurs.

I mai skulle det vera klyppekurs. (Kvardagsklypp). Det vart berre ein deltakar, som vart godt teken hand om av instruktør Tor Magne Gramstad.

## Familieaktivitetsdag.

For å visa oss og spanielane våre litt fram, ville me arrangera ein aktivitetsdag for alle spanielinteresserte. I midten av juni, leigde me eit flott område, Horve to ved Eikelivatnet. Me hadde med agilitybane, og hadde oppvisning av redningshund, fekk prøva vatnapport, gå spor, trenar litt lydighet, treffa mange flotte spaniellar, og eta pølser, kaker, og anna i kiosken me sette opp. Sola skein, ungar og hundar bada, og det var innom rundt femti-seksti personar. Det anser me for å vera eit bra arrangement, som me godt gjentek.

*15. februar 2015*

*Styret*